

Fitjar kommune
v/ kommunedirektøren

5419 Fitjar

Fitjar, 17. oktober 2022

Kommunal støtte til Fitjar kyrkje i 2023

Soknerådet behandla sak om budsjett for 2023 på møte den 22.09.2022. Framlegget til budsjett inneber at Fitjar sokn søker kommunen om kr. 2.985.000 i tilskot for 2023.

DRIFTSBUDSJETTET

Budsjettet byggjer m.a. på desse føresetnadane:

1. Budsjettet er justert med Kommunal deflator som er sett til 4,1 % og 4,4% lønsvekst
2. Pensjonskostnader er budsjetterte i tråd med prognose fra KLP
3. Satsane for gravfeste og andre inntekter på gravplassen vart auka frå 01.01.2022.
For 2023 er det ikkje lagt opp til nye justeringar.
4. Soknerådet legg ikkje opp til at det skal gjennomførast større endringar i kyrkja sin aktivitet som rører ved behovet for kommunal driftstilskot i dette budsjettet. Men spesielt utgifter til oppvarming av kyrkja vera vesentleg større i 2023. Kostnader til gjennomføring av trusopplæringstiltak og kyrkjelege handlingar vil også vera høgare enn dei siste to åra, som var prega av redusert aktivitet på grunn av smitteverntiltak.
5. For åra 2021 og 2022 vart det kommunale driftstilskotet til kyrkja redusert og kyrkja sitt disposisjonsfond måtte brukast for å få budsjettet i balanse. For 2023 er det ikkje budsjettert med bruk av disposisjonsfondet for drift av administrasjon, kyrkja og gravplassen. Kostnadsnivået er frå før svært nøkternt.

Tilsette i kyrkja

I kyrkja er det løn til medarbeidarane som utgjer storparten av budsjettet. Tabellen nedanfor viser kva stillingar som var bemanna i kyrkjestaben for 2021 og 2022, og kva stillingar me har i 2023.

Stilling	2023	2022	2021	Merknad
Kyrkjeverje	0,35	0,35	0,35	
Kantor	0,65	0,65	0,65	
Kyrkjelydspedagog	0,80	0,80	0,80	
Kyrkjegardsarbeidar	0,50	0,50	0,50	
Vaktmeister/reinhaldar	0,30	0,30	0,30	
Kontormedarbeidar og administrativ ressurs for prestetenesta	0,40	0,40	0,40	Det har vore vikar i heile permisjonstida til kontormedarbeidaren 2021/22
Sum	3,00	3,00	3,00	
Klokkar på gudstenestene	(0,20)	(0,20)	(0,20)	Frivillig arbeid
Kyrkjetenar på sundagar	(0,20)	(0,20)	(0,20)	Frivillig arbeid

Kommentarar for dei ulike avdelingane i budsjettet

Administrasjon

I avdelinga for administrasjon er det til saman 0,75 stillingsressurs.

Kostnaden for tenesteavtalen med kommunen er ført opp med kr. 300.000.

Til administrasjon er det i budsjettframlegget lagt inn kr. 1.101.500 i kommunalt tilskot.

Av dette vert kr. 300.000 betalt tilbake til kommunen for mellom anna kontorleige.

Kyrkja

Lønsmidlane som ligg inne i budsjettet for kyrkja går til kantor i 65 % stilling og fast tilsett reinhaldar / vaktmeister i 30 % stilling.

Klokkarteneste og storparten av arbeidet som kyrkjetenar vil verta gjort på dugnad, under føresetnad av at kommunalt tilskot tilsvarande lønskostnad for denne tenesta kan overførast til arbeidet med trusopplæring (Jamfør avsnitt om trusopplæring nedanfor).

I 2022 vart heile kyrkja og tårnet malt utvendig med to strøk linoljemaling. Dette vart gjennomført av vaktmeister og dugnadsfolk. Kyrkja frå 1867 vert såleis halde i god stand utan store kostnader. Behovet for vedlikehald er likevel kontinuerleg og for 2023 er det difor

budsjettert med kr. 50.000 til vedlikehald.

Straumkostnader for kyrkja har stege kraftig i 2022. Kyrkja får ikkje kompensert dette anna enn gjennom auke av det kommunale driftstilskotet.

Dei tilsette har vore med å halda straumforbruket nede, slik at forbruket i første halvår 2022 var 16% lågare enn i 2021. Eit av tiltaka er lågare nattsenkingstemperatur i kyrkja. Frå hausten 2022 vart flaumbelysninga av kyrkja kobla ut.

Til drift av kyrkja er det i budsjettframlegget lagt inn kr. 1.220.000 i kommunalt tilskot.

Trusopplæring

Trusopplæringa vert i utgangspunktet finansiert av øyremerkte inntekter frå staten via bispedømet. Det er talet på barn i soknet som avgjer kor stort tilskotet skal vera. For oss i Fitjar er tilskotet stort nok til å finansiera 40 % stilling som kyrkjelydspedagog, samt andre kostnader som knyter seg til trusopplæringa. All trusopplæring vert gjennomført etter den lokale trusopplæringsplanen «Båten», som er godkjent av bispedømerådet.

Sidan desember 2018 har det vore trusopplærar i 80% stilling. Stillinga vert finansiert med trusopplæringstilskot frå stat og bispedømme, kommunalt tilskot og frivillige gaver.

Med berre ein prest i soknet, er denne heilt avhengig å ha hjelp for å driva eit godt konfirmant- og barne- og ungdomsarbeid. Soknerådet prioritærer dette arbeidet høgt.

I budsjettframlegget for 2023 er det lagt inn kr. 200.000 i kommunalt tilskot til trusopplæring (jfr avsnitt om kyrkja (klokkar- og kyrkjetenar ovanfor)

Gravplassen

Gravplassen i Fitjar står fram som velstelt og fin. Det er me stolte av og her vil me ikkje slakka av på kvaliteten. På bakgrunn av dette har me lagt opp til å halda drifta av kyrkjegarden på same nivå som tidlegare. Til drifta av kyrkjegarden er det lagt inn 50 % stilling som kyrkjegardsarbeidar. I tillegg vert det leigd inn noko ekstra hjelp om sommaren. For 2023 er det også budsjettert med utgifter til nødvendig trepleie. Drifta av kyrkjegarden vert finansiert med inntekter frå festeavgift og kommunalt tilskot. Kyrkja får òg regelmessig hjelp av frivillige til å stella kyrkjegarden, og kvart år vert det registrert mange dugnadstimar.

I 2019 vart koleragravplassen sett i stand av Fitjar kommune. Det er både ein vigsla gravplass og kulturminne som kyrkja har ansvar for. Etter avtale med kommunen utfører

kyrkjegardsarbeidar noko av vedlikehaldet.

Fram til 2022 har kyrkja disponert eige gravemaskin til bruk ved gravferd. Den gamle maskinen havarerte i 2022 og ein er f.t. avhengig av leige av maskin ved gravferd. Til dette formålet er det sett av 45.000 i budsjettet for 2023.

Soknerådet har vedteke å vidareføre satsane for festeavgift og andre inntekter på gravplassen som i 2022:

Festeavgift pr. år	250
Reservering av grav	4.000
Seremoni i kyrkja for utanbygds og ikkje-medlemer	4.000
Gravlegging utanbygds, kistegrav	8.000
Gravlegging utanbygds, urnegrav	4.000

Til drift av gravplassen er det i budsjettframlegget for 2023 lagt inn kr. 443.500 i kommunalt tilskot.

Anna kyrkjeleg verksemd

Avdelinga for anna kyrkjeleg verksemd omfattar deler av kyrkja sitt arbeid som kommunen i utgangspunktet ikkje er forplikta til å finansiera. Her ligg det m.a. inne arrangement i soknet sin regi utanom gudstenester og kyrkjelege handlingar, samt kollektar til kyrkjelyden sitt eige arbeid og til andre føremål der kollekten vert sendt vidare.

Ungdomsarbeid

Budsjettet for kyrkja sitt ungdomsarbeid omfattar for det meste konfirmantarbeidet.

Soknerådet ynskjer at alle konfirmantane i tillegg til ordinær konfirmantførebuing, skal få høve til å delta på felles opplevingar, som tur og konfirmantfestival. For at eigendelen som foreldra betalar for konfirmantførebuinga ikkje skal vera for høg, vil kyrkja sjølv vera med å gje stønad. Eigenbetalinga er for konfirmantåret 2022-2023 sett til kr. 2.000. Midlane skal mellom anna også dekkje mat på samlingar, konfirmantfest med foreldre og konfirmantbilete.

Til ungdomsarbeid er det lagt inn kr. 20.000,- i kommunalt tilskot til kjøp av undervisningsmateriell til bruk i konfirmantarbeidet.

Kyrkjeblad

Fitjar kyrkjeblad kjem som regel med seks utgåver kvart år. Bladet vert finansiert med annonseinntekter og gåver.

Diakoni

Kyrkja sitt frivillige diakoniarbeid utgjer ein viktig del av det totale omsorgstilbodet i Fitjar. Kostnadane med arbeidet vert dekka inn ved hjelp av eigenbetaling for turar og andre arrangement, samt kollektar og gåver.

2 INVESTERINGSBUDSJETTET

Gravplassen

1 Nye graver

Kyrkja har fått utarbeida ein langsiktig plan for arealbruk, investeringsbehov og andre tiltak på gravplassen, herunder gjenbruk av gamle gravfelt. Planen er eit godt verktøy for både kyrkja og kommunen når det gjeld å sjå kva investeringsbehov det er på gravplassen fram til 2030.

I planen var det lagt opp til at arbeidet med å fornja det første gravfeltet (felt D) måtte gjennomførast i 2020. Det nye gravfeltet ville ha ein kapasitet på 135 graver.

Våren 2020 har fylkesarkeologane kome med innvendingar mot planane, da deler av D-feltet som høyrar til den gamle middelalderkyrkjegården er freda. Ein legg no opp til at deler av feltet blir brukt utan heving av terrenget. Feltet med ca 100 nye graver må gjerast klar til bruk i løpet av 2023. Det gjenstår arbeid med å sikra tilstrekkeleg drenering.

2 Minnelund

Det pågår arbeid med planlegging av ein minnelund for stellfrie urnegraver. Dette er eit tilbod som mange etter kvart har ynskje om skal finnast på ein gravplass. Øvst ved L-feltet har me eit område som er godt eigna for dette føremålet. Det vil verta lagt til rette for ca. 300 urnegraver på denne minnelunden.

3 Parkering for eldre og rørslehemma

I samband med oppgradering av FV 545 og Fitjar kommune sitt VA-anlegg i sentrum vart parkeringstilhøva ved kyrkja endra. Kyrkja har i dag ikkje eit godt tilbod til rørslehemma for tilkomst til kyrkja. For mange opplevast det langt å gå frå P-plass fram til kyrkjebygget, og me har heller ikkje godkjend HC-parkering tilgjengeleg. Dette burde sjølv sagt vore teke omsyn til når vegen vart oppgradert, men slik vart det no ein gong ikkje.

Kyrkja ynskjer å finne ei god parkeringsløysing for eldre og rørslehemma innafor eige område og har vurdert ulike alternativ. Den valte løysinga bakom kyrkjebygget er god på det viset at det er relativt kort veg til kyrkjebygget og liten høgdeskilnad langs traseen. Vidare ligg også planlagd HC-parkering rett ved eksisterande HC-toalett. Ein ventar på godkjenning frå fylkeskommunen.

Den valte løysinga utløyser trøng for nytt vognskjul, vaskeplass og masselager. Dette prosjektet er under planlegging og er ein del av den langsiktige utviklinga av arealet kring kyrkjebygget.

Proriterte innvesteringsbehov:

	2023	2024	2025	2026
Gravplassen - Anleggsarbeid felt D	100.000 Overført frå 2022			
Vognskul på gravplassem	200.000			
Etablering av uu parkering	200.000			
Etablering av minnelund		200.000	300.000	
Sum	500.000	200.000	300.000	


Det er tidlegare sett av kr. 1.000.000 i 2021 og kr. 890.000 i 2022 til investering på gravplassen.

Fleire detaljar om kyrkja sitt budsjettframlegg er å finna i det vedlagte talmaterialet. Ta kontakt med kyrkjeverja om det skulle vera spørsmål eller kommentarar.


Me håpar på ei positiv behandling av søknaden.

Med venleg helsing

Jan Overweg
Kyrkjeverje / dagleg leiar



Svein Lunde
soknerådsleiar





DEN NORSKE KYRKJA

BUDSJETT 2023

Fitjar sokn

DEN NORSKE KYRKJA BUDSJETT 2023							Fitjar sokneråd			
Kontogruppe	Teneste Budsjett 2022	Budsjett 2023	0410 Kyrkjeleg administrasjon	0421 Fitjar kyrkje	0423 Trusopplæring	0430 Kyrkjegardar	0440 Anna Kyrkjeleg verksemeld	0441 Ungdomsarbeid	0442 Kyrkjeblad	0443 Diakoni
Lønskostnadars	2 311 500	2 404 800	614 300	757 000	601 000	432 500				
Kjøp av varer og tenester	1 238 450	1 321 200	195 200	473 000	79 000	283 000	25 000	80 000	81 000	105 000
Refusjonar og overføringer	288 000	300 000	300 000							
Mva.	176 000	200 000	30 000	70 000	10 000	40 000	5 000	10 000	20 000	15 000
Tilskot og gåver til andre	215 000	205 000					205 000	0		
Sum utgifter	4 228 950	4 431 000	1 139 500	1 300 000	690 000	755 500	235 000	90 000	101 000	120 000
Brukarbetaling	-492 500	-455 000		-10 000	0	-270 000		-45 000	-50 000	-80 000
Mva. ref.	-176 000	-200 000	-30 000	-70 000	-10 000	-40 000	-5 000	-10 000	-20 000	-15 000
Andre refusjonar	-310 000	-320 000	0		-320 000					
Rammeoverføring kommune	-2 387 950	-2 985 000	-1 101 500	-1 220 000	-200 000	-443 500		-20 000		
Interne overføringer										
Andre tilskot / innsamla midlar	-470 000	-461 000			-55 000		-335 000	-15 000	-31 000	-25 000
Sum inntekter	-3 836 450	-4 421 000	-1 131 500	-1 300 000	-585 000	-753 500	-340 000	-90 000	-101 000	-120 000
Utbytte		-4 000	-4 000							
Finansinntekter	-2 500	-6 000	-4 000			-2 000				
Finanskostnadars										
Sum finans	-2 500	-10 000	-8 000	0	0	-2 000				
Avskrivningar	265 000	300 000		150 000		150 000				
Netto driftsresultat	390 000	0	0	0	105 000	0	-105 000	0	0	0
Bruk av fond	-390 000	0	0	0		0				0
Avsetjing til fond		0								
Overført til investeringsrekneskapen										
Rekneskapsmessig meir- / mindreforbruk	0	0	0	0	105 000	0	-105 000	0	0	0

Kyrkjeleg administrasjon					
Budsjett 2023		Budsjett 2023	Budsjett 2022	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020
10100	Løn i faste stillinger	436 000	408 000	398 770	400 534
10202	Løn vikar fødselspermisjon	0	0	7 469	0
10204	Anna vikarløn	0	0	0	61 476
10300	Løn ekstrahjelp	0	0	2 672	0
10803	Møtegodtgjersle	40 000	40 000	36 150	28 750
10900	Pensjon	64 000	59 000	84 473	48 254
10908	Gruppeliv/ulukkesforsikring	3 300	3 000	3 100	530
10990	Arbeidsgjeveravgift	71 000	65 000	72 086	76 077
11000	Kontorrekvisita	3 500	3 500	495	3 275
11001	Abonnement avis, tidsskrift, faglitteratur	5 000	5 000	6 020	4 504
11003	EDB-utgifter variabelt	1 000	1 500	0	1 291
11100	Lærebøker, undervisn.matr., dåpsmatr., brosjyrar	1 000	1 000	0	0
11201	Velferdstiltak, gaver o.l. (internt)	2 000	2 000	1 789	1 452
11202	Mat og serveringsutgifter	3 000	3 000	1 438	885
11207	Forbruksmateriell	4 000	4 000	5 411	7 185
11209	Kjøp av andre varer og tenester	0	0	0	0
11301	Gebyr bank	1 500	2 000	1 014	1 042
11302	Telefon og datakommunikasjon	3 000	2 000	2 453	2 337
11400	Lysingar	1 000	1 000	0	8 719
11402	Trykkeriutgifter	2 500	0	0	0
11403	Representasjon, gaver o.l. (eksternt)	1 000	1 000	1 485	0
11500	Kurs og etterutdanning	1 000	5 000	0	0
11600	Skyssgodtgjerdslle	1 000	1 000	0	2 065
11608	Oppholdsutgifter	1 500	2 000	0	1 300
11655	Personalforsikring	2 000	1 000	1 888	304
11709	Andre reiseutgifter	1 000	0	0	0
11853	Person/ yrkesskadeforsikring	1 000	0	6 953	4 236
11900	Husleige, leige av lokale	1 000	1 000	0	202 231
11951	Kontingentar	25 000	19 000	17 980	17 440
11952	Driftsavtalar EDB program (fast utgift)	35 000	32 000	26 133	36 686
11953	Kopieringsavtale	6 200	6 000	5 825	5 804
11959	Andre avgifter og gebryer	10 000	5 000	11 433	8 447
12000	Innbu, utstyr m.m.	2 000	10 000	1 654	2 999
12003	EDB-utstyr og program	2 000	2 000	0	1 707
12701	Revisjon	78 000	62 000	55 000	60 610
13700	Refusjon til andre	300 000	288 000	275 508	22 576
14290	Moms generell kompensasjonsordning	30 000	30 000	22 868	28 337
15001	Forsinkelsesrenter	0	0	-5	501
15400	Avsetning til ubundne fond	0		38 802	
17000	Refusjon frå stat og bispedøme	0	0	0	0
17101	Refusjon fødselspermisjon	0	0	-32 583	0
17103	Ref. feriepengar fødselspenger	0	0	-3 327	0
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-30 000	-30 000	-22 868	-28 337
17300	Refusjonar frå kommune/komm.institusjonar	0	0	-2 000	0
17700	Refusjon frå private	0	0	-1 295	-1 400
18300	Rammetilskot frå kommunen (Jfr. kyrkjelova)	-1 101 500	-885 000	-851 700	-906 504
19000	Renteinntekter	-4 000	0	-3 423	-6 034
19050	Aksjeutbytte	-4 000	0	-4 000	-3 540
19400	Bruk av ubundne disp.fond	0	-150 000		
	Sum	0	0	167 669	95 739

Fitjar Kyrkje					
Budsjett 2023		Budsjett 2023	Budsjett 2022	Reknekap 2021	Reknekap 2020
10100	Løn i faste stillingar	565 000	533 500	525 615	461 847
10204	Anna vikarløn	0	20 000	0	0
10300	Løn ekstrahjelp	13 000	3 000	7 363	9 162
10506	Tillegg ubekvem arbeidstid	0	5 000	2 647	4 182
10507	Køyregodtgjerdsle trekkpliktig	1 500	1 500	1 740	1 740
10900	Pensjon	82 000	75 000	92 454	56 155
10908	Gruppeliv/ulukkesforsikring	2 000	2 000	1 457	1 377
10990	Arbeidsgjeveravgift	93 500	90 000	89 010	75 337
11000	Kontorrekvisita	0	1 000	0	0
11100	Lærebøker, undervisn.matr., dåpsmatr., brosjyrar	0	0	0	1 575
11104	Gåver v. dåp/vigsel/diakoni (kyrkjebok,bibel,bloma	2 500	2 000	2 094	0
11200	Vin, oblatar, alterdekorasjoner, blomar og lys	15 000	12 000	13 039	2 401
11202	Mat og serveringsutgifter	3 000	0	724	509
11207	Forbruksmateriell	4 000	4 000	3 403	3 878
11209	Kjøp av andre varer og tenester	3 500	3 000	2 932	1 114
11302	Telefon og datakommunikasjon	0	5 000	0	5 244
11400	Lysingar	1 000	2 000	2 377	2 541
11500	Kurs og etterutdanning	2 000	0	0	0
11600	Skyss/kostgodtgjersle	1 000	0	0	0
11608	Oppholdsutgifter	1 500	0	0	0
11655	Personalforsikring	3 000	2 500	2 852	478
11800	Straum	300 000	150 000	126 940	77 466
11850	Forsikring av bygg, anlegg, utstyr	32 000	60 000	30 126	59 305
11950	Eigedomsavgifter	15 000	10 000	10 138	6 833
11952	Driftsavtalar EDB program (fast utgift)	0	0	5 057	0
11959	Andre avgifter og gebyrer	13 000	13 000	16 645	11 073
12000	Innbu, utstyr, notar, konfirmantkapper o.l.	10 000	10 000	4 001	125 256
12002	Teknisk utstyr, notar, konfirmantkapper m.m.	7 000	7 000	4 071	40 244
12300	Vedlikehald bygningar	5 000	100 000	0	0
12302	Vedlikehald tekn.utstyr / maskinar	5 000	5 000	4 458	0
12304	Vedlikeh.innbu/utstyr (piano,orgel, EDB,tlf..)	5 000	6 000	2 277	1 852
12401	Årskontrollavtale for brannsløkkjeutstyr	4 500	4 500	4 602	2 939
12500	Matr. til vedlikehald bygningar	40 000	20 000	0	0
14290	Moms generell kompensasjonsordning	70 000	70 000	37 260	70 322
15400	Avsetning til ubundne fond	0		2 000	
15503	Avsetjing til andre bundne fond	0	0		1 000
15900	Avskrivningar	150 000	140 000	168 611	168 611
16200	Avgiftsfritt sal	0	0	-2 000	0
16300	Utleige av kyrkjer	-10 000	-10 000	0	0
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-70 000	-70 000	-37 260	-70 322
18300	Rammetilskot frå kommunen	-1 220 000	-907 000	-872 904	-929 005
18700	Tilskot/gåver frå andre	0	0	0	-35 000
19400	Bruk av ubundne disp.fond	0	-230 000		
19900	Motpost avskrivningar	-150 000	-140 000	-168 611	-168 611
	Sum	0	0	83 118	-10 497

Kyrkjegardar					
Budsjett 2023		Budsjett 2023	Budsjett 2022	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020
10100	Løn i faste stillinger	231 500	239 500	221 631	96 154
10201	Ferievikar	0	70 000	0	150 338
10204	Anna vikarløn	5 000	5 000	0	1 502
10300	Løn ekstrahjelp	95 000	20 000	50 382	54 401
10507	Køyregodtgjerdsløn trekkpliktig	0	500	0	405
10900	Pensjon	47 000	39 000	43 536	32 337
10908	Gruppeliv/ulukkesforsikring	1 000	2 000	846	1 694
10990	Arbeidsgjevaravgift	53 000	55 000	44 612	47 525
11003	EDB-utgifter variabelt	0	4 000	365	1 004
11202	Mat og serveringsutgifter	0	0	0	453
11203	Arbeids- og verneklær	2 000	3 000		3 526
11207	Forbruksmateriell	15 000	10 000	12 574	3 534
11209	Kjøp av andre varer og tenester	55 000	5 000	12 620	46 380
11302	Telefon og datakommunikasjon	12 000	5 000	8 323	1 936
11500	Kurs og etterutdanning	5 000	5 000	0	0
11600	Skyss/kostgodtgjersle	1 000	1 000	0	0
11655	Personalforsikring	2 000	2 000	1 656	588
11702	Drift av transportmidler (drivstoff til bil o.l.)	3 000	2 000	2 666	5 566
11703	Årsavgift / forsikring (bil, traktor o.l.)	3 500	2 000	0	3 274
11850	Forsikring av bygg, anlegg, utstyr	3 000	5 500	2 617	5 158
11905	Festeavgift	3 500	3 100	3 033	3 033
11950	Eigedomsavgifter	25 000	12 000	27 105	11 422
11951	Kontingenttar	2 000	1 850	1 750	1 700
11952	Driftsavtalar EDB program (fast utgift)	15 000	15 000	17 940	12 420
12001	Kontorinventar og utstyr	1 000	1 000	0	3 599
12002	Teknisk utstyr, verktøy, kommunikasjonsutstyr o.l.	15 000	15 000	14 431	5 653
12200	Kjøp av maskinar	10 000	10 000	27 288	33 180
12300	Vedlikehald bygninger	5 000	10 000	0	0
12301	Vedlikehald uteareal / kyrkjegard	50 000	90 000	14 192	798
12302	Vedlikehald tekn.utstyr / maskinar	5 000	20 000	1 903	3 871
12500	Matr. til vedlikehald bygninger	10 000	10 000	0	1 543
12501	Matr. til vedlikehald uteareal/kyrkjegard	10 000	10 000	3 090	2 104
12502	Matr. til vedlikehald tekn.utstyr/maskinar	5 000	5 000	318	940
12503	Matr. til gravstell/legatgraver	25 000	25 000	19 064	18 001
14290	Moms generell kompensasjonsordning	40 000	30 000	61 470	39 049
15503	Avsetning til andre bundne fond	0	0	26 315	1 886
15900	Avskrivningar	150 000	125 000	143 580	143 580
16106	Festeavgift	-200 000	-250 000	-194 000	-188 000
16107	Gravlegging utanbygds	-20 000	-15 000	-19 000	-54 000
16108	Gravstell	-10 000	-60 000	-9 900	-52 050
16201	Stell av graver / legat	-40 000		-26 000	
17290	Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-40 000	-30 000	-61 470	-39 049
18300	Rammetilskot frå kommunen (Jfr. kyrkjelova)	-443 500	-375 950	-360 696	-383 904
19000	Renteinntekter	-2 000	-2 500	-315	-1 886
19400	Bruk av ubundne driftsfond	0	0	0	
19500	Bruk av bundne driftsfond	0	0	-46 550	
19900	Motpost avskrivningar	-150 000	-125 000	-143 580	-143 580
		0	0	-98 205	-123 913
	Sum				

